



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Gunn Helen Henne
Telefon: 57 65 51 37
E-post: ghe@fmsf.no

Vår dato
09.02.2010
Dykkar dato
27.11.2009

Vår referanse
2009/5055 - 542.0
Dykkar referanse

Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 Oslo

Brevet vert berre sendt på e-post

Høyrings svar - forskrift om tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vil peike på at eit forskriftskrav om raske avgjerder for saker som gjeld ein enkeltbransje vil gå ut over omsynet til likebehandling, forsvarleg saksopplysning og andre grunnleggjande forvaltningsprinsipp som skal gjelde for alle bransjar. Fylkesmannen sine andre pålagte og høgt prioriterte oppgåver, til dømes på tilsynsområdet, bør ikkje måtte vike for ein kvar enkeltsøknad som gjeld akvakultur.

Vi viser til forslag til forskrift om tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader frå Fiskeri- og kystdepartementet, med høyringsfrist 26.2.2010.

Sakshandsamingstida for akvakultursøknader kan av ulike årsaker vere svært varierende i dag, og vi ser at det kan bli meir føreseieleg for søkjar dersom det vert sett tidsfristar for vedtak og fråsegner frå dei ulike sektormyndigheitene. Likevel meiner vi at det også finst andre måtar å oppnå ein meir effektiv saksprosess i akvakultursaker, og at det ut frå Fylkesmannen sin ståstad er nokre uheldige sider ved forskriftsforslaget slik det ligg føre i dag.

Uheldige følgjer av forskriftsforslaget

- urimeleg forskjellsbehandling i høve til andre bransjar som treng løyve etter ureiningslova
- skapar vanskar for fylkesmannen si ressursplanlegging
- bryt med krav i forvaltningslova om at saker skal vere så godt opplyst som mogleg før vedtak vert gjort

Andre tilnærmingar og forbetningspunkt

- betre søknader, med alle nødvendige opplysningar
- betre kvalitetssikring av søknader før dei blir tatt til behandling av forvaltninga
- betre prosessar og avklaringar rundt akvakultur i kommunen si arealplanlegging

Forskjellsbehandling av søknader og ressursplanlegging hjå fylkesmannen

Akvakultursøknadene har vore prioritert på lik line med andre saker, søknader og arbeidsområde som fylkesmannen si miljøvern avdeling har ansvar for. Sakshandsaminga skjer utan ugrunna opphald, og så raskt som råd innanfor tildelte ressursar. Ved innføring av stram tidsfrist for akvakultursøknader vil fylkesmannen måtte gje akvakulturbransjen prioritet føre andre bransjar, når ressursane vert knappe. Etter vår erfaring kan det i enkelte periodar komme inn svært mange akvakultursøknader på ein gong. Ikkje berre vil det i seg

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 05
Ora.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

sjølv verte vanskeleg å oppfylle den føreslegne tidsfristen i slike situasjonar, men anna søknads- og tilsynsarbeid vil måtte utsetjast for å "ta unna" akvakultursøknadene innan fristen. Fylkesmannen vil få ein sær sars vanskeleg arbeidssituasjon i høve til tilsynsplanlegging av enkeltkontrollar og revisjonar, og deltaking på landsdekkande kontrollaksjonar som Klima- og forureiningsdirektoratet set i verk. Vi meiner at innføring av kort sakshandsamingstid for akvakultursøknader ikkje skal gå ut over andre bransjar gjennom lengre sakshandsamingstid for andre søknader etter ureiningslova, eller skape vanskar for planlegging av fylkesmannen sin ressursbruk på løyve- og tilsynsområdet.

Forvaltninga si utgreiingsplikt, jf. forvaltningslova

Etter forvaltningslova § 17 skal saker vere så godt opplyst som mogleg før vedtak vert gjort. Dersom vi forstår merknad til § 4 tredje ledd rett, vil saka bli sendt over til, og kravd handsama av sektormyndigheitene, uavhengig av om kommunen har gjeve si fråsegn. Pragraf 4, fjerde ledd, seier at sektormyndigheitene sin frist er fire veker "fra mottakelsen av merknader m.v. etter tredje ledd". Kommunen si fråsegn i høve til om søknaden er i samsvar med planar etter plan- og bygningslova, og kommentarar til eventuelle merknader frå offentleg høyring av søknaden er ein del av saksopplysninga og ein føresetnad for å kunne slutthandsame søknaden etter ureiningslova. Kommunen sine egne eller andre innkomne merknader kan dessutan bidra med opplysningar som elles ikkje kjem fram av søknaden, og som kan vere viktige i høve til vårt vedtak eller fråsegn.

Ved mange samtidige søknader, vil vi med dette forskriftsforslaget måtte bruke sær kort tid på vurderinga av kvar sak før vedtak og fråsegn. Dette vil gå ut over kor grundig vi kan vurdere kvar sak. I handsaminga av enkelte saker kan det vere behov for synfaringar, eller tilleggsopplysningar i saka. Det bør gjevast opning i forskrifta for forlenging av tidsfristen i saker som ikkje kan handsamast forsvarleg innanfor ordinær frist.

Slik forskriftsforslaget er formulert i dag, kan saka avgjerast etter akvakulturlova *utan vår fråsegn* når fire veker er gått, jf § 6 første ledd. Vi meiner dette signaliserer at fråsegna frå fylkesmannen uansett ikkje blir tillagt særleg vekt av tildelingsmyndigheita, sidan saka blir funne å vere godt nok opplyst til å kunne gjere vedtaket utan omsyn til fråsegna vår. Vi oppfattar ikkje dette forskriftsforslaget som i tråd med forvaltningslova § 17.

Kvalitetssikring av akvakultursøknader og avklaringar av arealbruk for akvakultur i kommuneplanar

Til liks som for søknader frå andre bransjar vil kvaliteten på, og innhaldet i akvakultursøknader ha noko å seie for både tidsbruken og arbeidsmengda i den vidare handsaminga i forvaltninga. Di betre søknaden er, di lettare er det å vurdere den. Vi har erfaring for at akvakultursøknader ofte er mangelfulle. Manglane har gjerne ikkje blitt oppdaga før vi handsamar søknaden som sektormyndigheit, og medfører ofte at vi må krevje tilleggsopplysningar, eller at søkjar vil endre søknaden, eller at den må handsamast på nytt av kommunen som planmyndigheit. Ei betre kvalitetssikring av innhaldet i søknader, både frå søkjar og tildelingsmyndigheita si side, vil kunne gje ei raskare og meir effektiv sakshandsaming for alle partar.

Mange av kommuneplanane i Sogn og Fjordane har akvakulturområde som er mindre enn det typiske arealbehovet som akvakulturanlegg har, eller det er lagt ut fleirbruksområde inkludert akvakultur (FFFNA). Som resultat må svært mange søknader også handsamast som dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova, eller det oppstår konflikhtar i høve til annan arealbruk i sjøområda i kommunen. Vi saknar at akvakulturareal vert nøyare vurdert i planprosessane i kommunen, slik at kommunen og innbyggjarane også har føreseielege

rammer å halde seg til i dei aktuelle områda, og bruken av dispensasjonar i akvakultursaker kan reduserast.

Til enkeltpunkt i forskriftsforslaget

§3, tredje ledd: komplett søknad

Ettersom det blir presisert at handsaming etter vassressurslova skal ligge føre, bør det også presiserast at eventuelle dispensasjonsvedtak frå vedtekne planar etter plan- og bygningslova skal ligge føre før søknaden kan reknast som komplett. Vi får i dag mange saker oversendt til handsaming som ikkje er tilstrekkeleg avklart i høve til kommuneplanen sin arealdel.

§ 4, fjerde og femte ledd: tidsfrist for sektorvedtak og fråsegner, og

§ 6, første ledd: fristoversetting

Tidsfristen på fire veker for vedtak etter ureiningslova er altfor kort, og med dagens ressursituasjon ikkje realistisk å klare for søknader i vårt fylke. Til samanlikning kan vi opplyse om at nyleg høyringsforslag til tidsfrist for vedtak etter ureiningslova i løyvesaker som kjem inn under tenestelova, var seks månader. Ut frå vår ressursituasjon ser vi at vi til vanleg vil kunne klare å handsame ein søknad forsvarleg innan seks månader frå komplett søknad er levert.

Det bør i tillegg leggst inn heimel for å kunne utsetje tidsfristen, i meir omfattande saker som må utgreiast nærare, både når det gjeld sektormyndigheitene sine vedtak og fråsegner. I motsett fall bør § 6 endrast, slik at fristoversetting ikkje medfører at fråsegner vert sett bort frå. Fråsegner og merknader er ein del av saksopplysningane.

§ 5: klagehandsaming

Tidsfristen for klagehandsaming er sett til tolv veker. Ut frå vår erfaring med andre klageavgjerder i løyvesaker etter ureiningslova, vil dette i mange tilfelle ikkje la seg gjere. Vi meiner denne fristen må vere lengre enn tolv veker.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
assisterande fylkesmiljøvernssjef

Gunn Helen Henne
overingeniør

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Kopi pr. e-post:
Direktoratet for naturforvaltning
Klima- og forureiningsdirektoratet